



Saksbehandlar: Eva Kristin Svidal, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/7501-20

Fylkeskulturprisen 2016

Fylkesdirektøren rår hovudutval og næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Fylkeskulturprisen for 2016 blir tildelt

Vedlegg:

1. Retningslinjer
2. Tidlegare tildelingar
3. Innkomne framlegg

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Dette er den 37. gongen fylkeskommunen skal dele ut fylkeskulturprisen. Gjennom desse åra har 30 enkeltpersonar fått prisen. 15 av dei har fått prisen aleine, medan dei andre har delt prisen med ein annan person. I 2004 delte tre personar prisen. I tillegg er det 14 lag/organisasjonar som har fått prisen, alt frå kor/grupper til spel, utstillingar, festivalar og organisasjonar.

Føremålet med prisen er å hjelpe fram kulturlivet i fylket.

Prisen kan delast ut til einskildpersonar, lag eller organisasjonar

- som høyrer heime i fylket.
- som viser evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats utover det vanlege.
- som har talent, viser kreativitet og evne til nyskaping.

Ein vil særleg vere opptekne av at prisen skal vere til inspirasjon for aktørar som står sentralt i arbeidet med å halde ved like og vidareutvikle det kulturelle mangfaldet i fylket.

Hovudutval for næring og kultur avgjer om prisen skal delast ut og kven som skal få den. I HNK-sak 02/2015 vart desse oppnemnde til ei innstillingssnemnd som skal vurdere og innstille kandidat(ar) til kulturprisen: Erlend Haugen Herstad, Torbjørn Vereide, Anne K. Lilleasen. Vara: Jakob André Sandal.

2. Kandidatar og vurderingar

Kulturprisen har vore annonsert i alle aviser i fylket og på internett med 1. november som frist til å komme med grunngjevne framlegg til kandidatar. Det har komme inn 15 framlegg. Fleire av kandidatane har også vore føreslått tidlegare år.

Innstillingsnemnda har hatt eitt møte. I tillegg til dei 15 innkomne framlegga har nemnda også drøfta kandidatar som har vore føreslått tidlegare.

Etter ei grundig vurdering samla nemnda seg om 3 forslag som vert lagt fram for hovudutvalet som dei mest aktuelle kandidatane i 2016. Nemnda har i si vurdering lagt vekt på engasjement, kvalitet og nyskaping. Hovudutval for næring og kultur gjer endeleg vedtak.

Dei 3 kandidatane innstillingsnemnda fremjar er:

1. Jan Ketil Smørødal

Jan Ketil Smørødal starta med å gå på slakk line mellom utedoen og epletreet heime i hagen i Hjelmelandsdalen. Etter å ha gått i lære hos Cirkus Merano, debuterte Smørødal som internasjonal sirkusartist som 17 åring. Han vart raskt kjend over heile landet, for det var lenge sidan Norge hadde hatt sin eigen sirkusartist. I 1989 grunnla Smørødal Cirkus Agora, berre 23 år gammal. Han dreiv sirkuset fram til 2009. I 1996 var han ein av initiativtakarane til sirkuslinja på Fjordane Folkehøgskule der han også har vore lærar. Dei siste åra har Smørødal turnert med sirkusframsyningar i Den kulturelle skulesekken både i Sogn og Fjordane og nasjonalt. Han har også hatt framsyningar i barnehagar, på eldresenter og asylmottak. I 2010 var han med å arrangere sirkusgudsteneste i Lærdal saman med soknepresten i Hauge kyrkje. Jan Ketil Smørødal har sett Sogn og Fjordane på kartet både nasjonalt og internasjonalt gjennom å spreie sirkusglede og begeistring.

2. Judith Vestreim

Judith Vestreim har formidla gamle songar til nye generasjonar i ei årrekke. Songgruppa «Krudlalaget», som Vestreim har drive i 30 år, har hatt både Tone Damli og Eva Weel Skram som medlemmar. Gruppa består av mange mindre grupper som i tillegg til å lære folkesongar, også lærer lokale eventyr, segner og historier. Med produksjonen «Toneskrinet» har Vestreim turnert til barnehagar og skular i fylket. Toneskrinet er eit skrin fullt av gamle songskattar som barna får vere med å trylle fram. Produksjonen har også vore presentert på nasjonale konferansar. Den siste tida har Vestreim vidareutvikla og tilpassa «Toneskrinet» for eldre og demente. Som solist i trioen «Bufaste tonar», med Håkon Høgemo og Tom Karlsrud, har Judith Vestreim gitt ut fleire CD-ar og hatt mange konserter med folkemusikk frå Sogn og Fjordane. Musikken spenner frå det vare og lågmælte til det meir kraftfulle og intense. I tillegg til songen driv Vestreim med kunsthandverk, og har vore ein aktiv kulturarbeider ved Sogn folkemuseum i ei årrekke.

3. Ove Henning Solheim og Dans Uten Grenser

Gjennom arbeid som fritidsleiar i Rygge kommune la Ove Henning Solheim grunnlaget for «Danseverkstedmodellen» som vi i dag kjenner som Dans Uten Grenser. Han vidareførte dette arbeidet då han flytta heim til Førde i 2003, og etablerte Dans Uten Grenser Førde i tilknyting til «Skrivarløa» ungdomshus. Fylkeskommunen fatta interesse for danseverkstadmodellen som folkehelseprosjekt, og frå 2006 har det blitt etablert danseverkstader for barn og unge mellom 10 og 19 år i 13 kommunar i fylket. Dans Uten Grenser har 10 års jubileum i Sogn og Fjordane i 2016.

Dans Uten Grenser set ungdom i sentrum. Ungdommen får vere med å bestemme, noko som bidreg til at dei tar ansvar og blir sjølvstendige. Danseverkstadane vert drifta etter ung-til-ung metodikk. 890 ungdommar har gjennomført opplæring som instruktørar desse 10 åra, og fleire tusen barn og unge har vore med på verkstadane. 100 instruktørar jobbar kvar veke frivillig med undervisning. Dans Uten Grenser har arrangert danseframsyningar og turnear både i eige fylke og i utlandet. 12 instruktørar har gått vidare og satsa på ei profesjonell dansekariere. Dei er no

ressursar for dansemiljøet i fylket. *Gje ungdom tillit. Gje dei muligheiter, Gje dei kompetanse til å vere deltagande, aktive, omsorgsfulle i sine lokalsamfunn og det vil blomstre rundt dei skriv* Solheim på nettsida til Dans Uten Grenser.

3. Konklusjon

På bakgrunn av førebuingsarbeidet frå innstillingsnemnda, gjer hovudutval for næring og kultur endeleg vedtak om mottakar(ar) av fylkeskulturprisen 2016. Prisen, diplom og ein sum på 50 000 kr, vert delt ut på fylkestinget 6. desember 2016.